



REFERAT FRÅ MEDLEMSMØTE MØRE & ROMSDAL BRANNBEFALSLAG 12. NOVEMBER 2013

Stad:

Molde brannstasjon.

Agenda

- Presentasjon av utstillarar
- Oljevern v/TESS
- Utdanningsreformen v/DSB
- Brannen i Gudvangatunnelen, erfaringar før og etter v/brannsjef Arvid Gilje.

Leiar Jan Ove Kvernes ynskja alle velkomne, og spesielt til utstillarar og foredragshaldarar. Godt oppmøte til medlemsmøtet, der både frå utstillarar, medlemmar av MRBL og ikkje medlemmar var representert.

Presentasjon av utstillarar

Kvar enkelt utstillar fekk nokre minutt til å presentere seg sjølv, firmaet og nokon prata litt om enkelte produkt. Utstillarane har vore:

- Dräger
- TESS
- Brannvernsservice
- Wenaas 112
- All Maritime
- NOFO
- Nortronic
- Informasjon frå RVR.no
 - Brannvesen må verte flinkare til å bruke RVR-bilar
 - Presenterte RVR-konseptet, og viste bilete av bilar og utstyr
 - Lokalt brannvesen kan utføre RVR-oppdrag. Men det bør vere ein avtale med koordinator/leiing til RVR først, så vil RVR betale for oppdraget.

Før føredraga starta vart det informert om fagseminaret til Fagforbundet, med omsyn til brannvern. Meir informasjon på Molde brannvesen sin facebookside.

Presentasjonane til den enkelte føredragshaldar vert ettersendt. I dette referatet er hovudtrekka i føredraga trekt fram, samt enkelte innspel og tips som kom fram.

Oljevern v/TESS

Jørn Selvik frå TESS hadde føredraget. Følgjande emne var ein del av presentasjonen:

- Presentasjon av TESS, med blant anna informasjon om kundemassen – olje og offshore vart spesielt trekt fram.
- Databasen TESS Hose Management (THM)
- Miljøsertifiseringar
- Referanseliste, med blant anna Kystverket og NOFO
- Erfaringar frå ulike hendingar, blant anna «Full City» og «Godafoss»
- Ulike produkt
 - Vernebekledingskonteinar



- Sorbenter, og dei ulike hovudgrupper (kvit, grå, grøn). Det vart også prata om lenser for oljer, middel mot aggressive kjemikaliar og nokre spesialsorbenter.
- Torvabsorbent. Bark tek tid før olje vert suga opp, men for torv skjer oppsuginga straks
- Syre/base nøytraliserarar
- Vassbasert avfetting
- Spillavgrensing
- Sekundær spillavgrensing, slik som egna kar
- Portable tankar
- Høgtrykkspylarar og pumper
- Saneringsutstyr
- Naudlosseutstyr
- Brannkle.

Utdanningsreforma v/DSB

Svend R. Berthelsen frå DSB informerte om den nye reforma, ein oppfølging av NOU 2012:8.

Emne som kom fram under føredraget var:

- Innleiinga var ein presentasjon av DSB sin avdeling for Brann og Redning. Avdelinga styrka det siste året, og det er stort fokus på beredskap (jf. 22. juli-hendinga).
- Bakgrunnen for arbeidet med ny utdanningsmodell
 - Arbeidet vart starta på 1990-talet
 - DSB anbefalt i 2007 fagskuleutdanning
 - Stortingsmelding nr. 35.
- Mandat og hovudoppgåver.
- Punkter i mandatet.
- Medlemmer i utvalet, der Erling Lae var leiar
- Ambisjonar til utvalet.
- Utvalet sin vurderingar:
 - Utdanningar i framtida
 - Naudsynte framtidig kompetanse.
- Sentrale problemstillingar:
 - heiltid- og deltidsbrannkorps
 - Noko minimumskrav må verte fylt
 - Forskjell på økonomi ved utdanninga.
- Utdanningsmodell i framtida.
- Krav til utdanningsmodell.
- Anbefalingar til utvalet.
 - Heilskapleg modell, der leiarutdanning (2 år) vert på høgskulenivå og grunnutdanning (2 år) vert på fagskulenivå.
 - Inntakskrav – relevant fagbrev/generell studiekompetanse/realkompetanse
 - Deltidspersonell – fagskule i moduler, som går over eit år
 - Mellomleiarar
 - Brannsjef og avdelingsleiarar
- Prosessen
- Seks hovud anbefalingar vart vist til slutt.

Brannen i Gudvangatunnelen, erfaringar før og etter v/brannsjef Arvid Gilje

Arvid Gilje starta med å presentere Aurland kommune. I kommunen er det ikkje så mange bustadbrannar, men det er mange brannar i tunnelar (lastebil og buss). ROS er frå 2010. Tryggleiken til tunnelane avhenger av samarbeidet mellom vegvesenet og brannvernet. Eit tips i samband med tilsyn – køyr avvik etter deira eige regelverk (handbok 269 og 21).



Innleiinga vart avslutta med historier om brannar i kommunen (Lærdaltunnelen og Gudvangatunnelen), og det var her ting som ikkje fungerte under aksjonane.

Vidare vart føredraget om:

- Betre samarbeid, og støtte frå DSB
- Moment for å få tryggare vegtunnelar
- Tunneldirektivet
- Handbok 269 - tryggingsforvaltning av vegtunnelar
- Havarikommisjonen sin rapport vedkomande Oslofjordtunnelen
- Fire tryggingstilrådingar
- Utfordringar
- Tunnelar med to laup er tryggare, og dei mest utrygge er undersjøiske tunnelar og fylkestunnelar
- Tiltak for å få utrygge tunnelar til å verte trygge. Diverre kan det vere naudsynt at media/pressen verte kontakta
- DSB sitt tunnelseminar i 2001
 - Det kom ein rettleiar til tunneltryggleik i 2001.
 - Men i 2011 kom det ein ny, og det er denne rettleieren som må følgjast.
- Brannvernet i Aurland sin lærdom av brannen i Gudvangatunnelen
- Om brannen i Gudvangatunnelen
 - Fakta
 - Kva brannvernet vart møtt med – blant anna visste dei ikkje at det var menneskjer som var igjen inne i tunnelen
 - Det gjekk bra, og det skyldast i hovudsak at brannvernet har hatt stort fokus på tunneltryggleik. Blant anna på grunn av mykje øvingar.
 - Høve som skjedde etter brannen – møte med dåverande statsminister og diverse statsrådar, ulike møter med blant anna vegvesenet, mykje oppslag i media, samt mykje gratulasjonar.

Ulsteinvik, 25.11.13

William B. Ekeli
referent